



Geir Unneberg
Keilevegen 117 A
5953 FONNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/3622 - 16/33496

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:
07.12.2016

Førebels svar - Trong for tilleggsinformasjon gbnr 125/42 Kjeilen

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 15.11.16.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det er opplyst i søknaden at det søkast om dispensasjon. Det ligg ikkje føre informasjon om kva det søkast om dispensasjon frå eller grunngjeving for at det bør innvilgast dispensasjon. Det må leggjast ved eige brev om kva bestemmelsar det søkast om dispensasjon frå og grunngjeving for at dispensasjon bør innvilgast. Vedlagt er rettleiar frå NKF om dispensasjonssøknad.
2. Som du sjølv skriv i «tillegg til blankett 5153» har tiltaket krav om ansvarleg føretak. Dette ynskjer du å søke om fritak for. Det er mogleg å søke om dette, men det må løysast noko annaleis enn kva som er gjort her. Det må søkast om tiltaket ved å sende blankett 5174, 5175 og 5185. Dette er skjema som må nyttast ved krav om ansvarleg føretak. Du må så fylle ut blankett 5184 som er søknad om personleg ansvarsrett som selvbygger. Her må du oppgi kva fagområder det søkast om personleg ansvarsrett for og kompetanse til å utføre tiltaket. Som du skriv i vedlegget innebær tiltaket flytting av bærande konstruksjonar så eg vil anbefale deg å leggje ved f.eks fagbrev til snekker som du tenkte å nytte deg av slik at du kan sannsynleggjere tilstrekkeleg kompetanse på utførelsen. I tillegg må det sendast inn blankett 5187 erklæring for selvbygger. For prosjekteringsansvar er dette ved innsending av søknad for utførelse er dette ved søknad om ferdigattest.
3. Bileta som var lagt ved kom ikkje med på ein god måte. Send gjerne inn desse på nytt.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 15.01.17. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert uhandsama.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist



Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

dispensasjon NKF-veileder

Mottakarar:

Geir Unneberg

Keilevegen 117 A 5953

FONNES